



Hordaland Fylkeskommune

U 1 DES 2014

**Statens vegvesen**

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2014/056803-019

Dykkar referanse:  
Vår dato:  
26.11.2014

**Klage på vedtak av 12. september 2014 vedrørende førehandstilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkjørsle til parsell av gnr. 59 bnr. 1, Otterå i Austevoll kommune.**

Statens vegvesen har motteke klage på vedtak om førehandstilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkjørsle frå offentleg veg til gnr. 59 bnr. 1, Otterå i Austevoll kommune.

Vedlagt følgjer alle relevante dokument i saka.

Dok.nr.	Innhald	Dato	Avsendar
1	Søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gnr. 59 bnr. 1 - Austevoll kommune	22.04.2014	Marita Otterå Rykkje
2	Søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gnr. 59 bnr. 1 - Austevoll kommune	24.06.2014	Statens vegvesen
3	Eksisterer ikkje		
4	Uttale - Austevoll kommune. Dispensasjon frå kommuneplan og søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på gnr. 59 bnr. 1	22.08.2014	Statens vegvesen
5	Klage på uttale - Gnr. 59 bnr. 1 i Otterå , Austevoll kommune	29.08.2014	Marita Otterå Rykkje
6	Førehandstilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkjørsle - Gnr. 51 bnr. 9	12.09.2014	Statens vegvesen
7	Avkjørsle - gnr. 59 bnr. 1 - Otterå - Austevoll kommune - Ber om møte og felles synfaring	17.09.2014	Marita Otterå Rykkje
8	Avkjørsle - gnr. 59 bnr. 1 - Otterå - Austevoll kommune - stadfesting av tidspunkt for møte	17.09.2014	SKL Nett
9	Møte angående avkjørsle i Otterå , Austevoll	23.09.2014	Marita Otterå Rykkje
10	Oppsummering etter møte og synfaring i Otterå 20141002 - gnr. 59 bnr. 1	02.10.2014	Marita Otterå Rykkje
11	Avkjørsle - gnr. 59 bnr. 1 - Austevoll kommune - Spørsmål i etterkant av møtet i Otterå	03.10.2014	Marita Otterå Rykkje
12	Tilbakemelding i etterkant av synfaring ved avkjørsle til gnr. 59 bnr. 1 - Otterå i Austevoll	07.10.2014	Statens vegvesen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>1</sup>  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

	commune.		
13	Ikkje relevant i saka		
14	Svar på spørsmål om avkjørsle.	16.10.2014	Statens vegvesen
15	Ikkje relevant i saka		
16	Vedrørande trafikktiljingar	20.10.2014	Statens vegvesen
17	Ikkje relevant i saka		
18	Klage på vedtak om avkørsle i Otterå - Gnr. 59 bnr. 1 - Austevoll kommune	27.10.2014	Marita Otterå Rykkje

I samband med frådeling av bustadtomt i område sett av til LNF-spreidd i kommuneplanen, har Statens vegvesen motteke søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå fv 546 hp 7 ved km 10,725, jamfør vedlegg 2 og 5 (dok. nr. 1 og 5 i saka). I samsvar med matrikkelen vert avkjørsla i dag nytta som tilkomst til Sunnhordland kraftlag (SKL) sitt næringsbygg, tre bustader og ein fritidsbustad. Avkjørsla er utforma som to avkjørsler med felles tilkomstveg, og stettar ikkje dei gjeldande tekniske krava som handbøkene gjev, jamfør vedlegg 1 (Oversiktskart og bileter). Vi fatta vedtak om førehandstilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkjørsle. SKL må ha tilgang til sin eide dom med mellom anna mobilkran, og krava til svingradius og breidde i avkjørsla er difor annleis enn om ho berre skulle nyttast til bustader. Statens vegvesen var på synfaring på staden 30. juni 2014 og 2. oktober 2014.

### **Førehandstilsegn dagsett 12. september 2014 inneheld mellom anna følgjande vurdering og krav:**

«Vurdering/grunngjeving

*Fv 546 forbi omsøkte avkjørsle har haldningsklasse 2 i Rammeplan for avkørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest. Godkjenning av utvida bruk av avkørsler i denne haldningsklassen kan godkjennast der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 70 km/t eller lågare. Dette er ikkje tilfelle for omsøkte avkjørsle. I heilt spesielle høve, der det er ei ekstremt därleg avkjørsle, kan Statens vegvesen vere positiv til utvida bruk under føresetnad av at dei tekniske krava kan stettast, og dette totalt sett gjev ein gevinst for trafikktryggleiken. Statens vegvesen vil i slike tilfelle ikkje godkjenne ytterlegare bruk av avkjørsla etter at denne er utbetra, då det ikkje vil gje ein gevinst for trafikktryggleiken. Omsøkte avkjørsle fell inn under definisjonen ekstrem därleg avkjørsle, då ho har stigning rett ut frå vegkant.*

#### **Vedtak**

*Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:*

*Det kan pårekna bruktøyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for ein bustad under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.*

*(...)*

*Avkørsla må vere dimensjonert slik at SKL får tilgang med mellom anna mobilkran. Vi set difor følgjande krav:*

*(...)*

4. *Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 100 meter til begge sider av køyrebanen. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkjørsla må være minimum 100 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.*
5. *Svingradius skal vere 12 meter (diameter 24 meter). Minste breidde i avkjørsla skal vere 6,5 meter. Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant.*
6. *Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil gjere merksam på at det krev store inngrep på tilkomstvegen for å tilfredsstille dette kravet.*

7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr med diameter minimum 300 mm og tilhøyrande kummar. Røyret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
9. Dei to eksisterande avkøyrslene må samlast i ei avkøyrsle, sjå vedlagt skisse.  
(...))»

**Klage dagsett 21. oktober 2014 inneheld anna følgjande opplysningar:**

«Eg sokjer om å dela frå ein bustadtomt på Gnr. 59 bnr. 2 Otterå. I dette høve har eg og søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. Statens vegvesen vurderer området etter haldningsklasse 2 i «Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region Vest». Vegvesenet sitt trafikkgrunnlag ÅDT gjev grunnlag for at svingradius skal vera 12meter -med betongkant, og minste breidd 6,5 meter. I tillegg tilrettelagt med gang og sykkelveg, busslomme mm.

Me meiner dette er for strengt vurdert. Det er god plass til to bilar i breidda og god sikt ut frå avkøyrsla i begge retningar. Statens Vegvesen legg til grunn i første svarbrev til oss at det passerer 1500 bilar i døgnet. Me meiner 200-250 bilar/dag er eit rettare tal då mesteparten av trafikken i dag går på vestsida av Huftarøy. Otterå ligg berre 2,5 km frå Husavik ferjekai, det er dermed sannsynleg at talet for Husavik er nære den reelle talet på passeringar i Otterå. (ÅDT 170 i 2013)

Avkøyrsla har for innbyggjarane vore oppfatta som oversiktleg og god i alle år. Dersom ein skal samanlikna avkøyrslene i 80-sona i Austevoll mot kvarandre, er denne av dei mest oversiktlege i våre auge, sjølv om dei tekniske krava ikkje er oppfylte når det kjem til stigningskrav. Det er i dag berre ein husstand som nyttar avkøyrsla. (Gnr 59 bnr 1 har ingen køyretyg og står tomt i dag. SKL 'nett og Austevoll Kraftlag kører vegen kun få gongar i året for sjekk av utstyr, då alt elles vert fjernstyrt. Den tredje bustaden vert nytta som fritidsbustad og det er lite trafikk til denne.)

SKL nett treng tilkomst med stor bil (semitrailer), dette er og grunnen til at avkøyrsla er utforma slik ho er i dag. Dette er og lagt til grunn i Vegvesenet si skisse, med krav om 12 m svingradius. To ganger sidan 1971 har SKL hatt trøng for tilkomst med semitrailers, ved transport av hovudtrafo. Vårt forslag går ut på å stengja sørgåande del av avkøyrsle med flyttbar stein. Dette er akseptert av SKL nett som kan flytta steinen når dei treng tilkomst med stor trailer. Då treng ein ikkje så stor svingradius i den avkøyrsla som skal nyttast dagleg; det er nok med «vanleg» svingradius. I Austevoll er vegstandarden generelt därleg, og skal ein ha tilrettelagt for mjuke trafikantar, må ein til Storebø eller Bekkjarvik. Busslomma ligg berre 25 meter frå avkøyrsla. Meir tilrettelagt er det vanskeleg å få det i Austevoll, dersom ein ikkje skal byggja på Storebø eller i Bekkjarvik. Eg vil tru at ein så låg årsdogntrafikk (200-250) vil kunne gje opning for bruk av skjønn. Rammeplanen skal vera rettleiande, og då les eg at det er mogeleg å fråvika denne der høva ligg til rette for det.


Viser elles til korrespondanse/e-post om ÅDT i saka.

Me vil helst bruka avkjørsla som den er, men har eit alternativ til utbetring. Dette er utforma i samarbeid med kommunen, SKL nett og Hvidevoll maskin AS. Vegvesenet har og vare med på synfaring og sett dette. I forslaget får ein inn vegvesenet sine krav dei første 5 meter medan

*stigning vidare vert som før. Dette er ei løysing som kostar ca 100-150 000 å utføra, noko som kan vera meir overkomeleg og faktisk mogleggjera husbygging.*

*Konklusjon, vi ber om ny vurdering:*

- 1. Bruka avkjørsla vidare som den er i dag for opp til 2 nye bustadtomter.*
- 2. Eller: Godkjenner forslag til omarbeiding av avkjørsla som vist på kartskisse. Entreprenør Hvidevoll maskin AS har bekrefta at dette kan utførast, og SKL vil akseptera ei slik løysing (avkjørsle sør stengt, men kan opnast for SKL).»*



*Forslag til avkjørsle*

### **Vurdering av klage**

Vi vurderer klaga med omsyn til veginteressene og klager si interesse i saka.

#### Veginteresse:

- Trafikktryggleik og trafikkavvikling, jamfør mellom anna statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.
- Felles avkjørsler, jamfør Rammeplan for avkjørsler og byggjegrensene på riks- og fylkesvegar i Region vest
- Utforming av avkjørsler, jamfør håndbok N100 og V121

#### Klagar sine interesser:

Klagar ber om ny vurdering av:

- Løyve til å nytte eksisterande avkjørsle utan utbetringar til 2 nye bustadtomter.
- Endre krav i førehandstilsegn dagsett 12. september 2014 i samsvar med framlegg til utbetring av avkjørsle synt på vedlagt skisse.

Klagar si grunngjeving for at krav til utforming skal endrast er, slik vi oppfattar saka, følgjande:

1. Klagar oppfattar avkjørsla som ei av dei mest oversiktlege i 80-sona på Austevoll, med god plass til to bilar i breidda.
2. I praksis vert avkjørsla berre nytta til ein bustad i tillegg til at SKL 'nett og Austevoll Kraftlag nytta ho nokre få gongar i året for sjekk av utstyr.
3. Trafikkgrunnlaget i førehandstilsegna er feil. Faktisk trafikktal er så låge at det bør gje opning for bruk av skjønn. Rammeplanen skal vera rettleiande, og mogeleg å fråvike der forholda ligg til rette for det.
4. I framlegg til løysing vert krav til stigning tilfredstilt dei første 5 metrane, medan stigning vidare vert som før. Løysinga kostar omlag 100-150 000 kr å utføra, noko som kan vera meir overkomeleg og faktisk mogleggjera husbygging.

Statens vegvesen har følgjande kommentarar:

1. Eksisterande avkjørsle stettar ikkje dagens tekniske krav til avkjørsler. Avkjørsla er plassert i ei kurve, og er utforma som to avkjørsler, der ein ser ut til å velje køyremønster utifrå om ein kjem frå nord eller sør. Fartsreduksjon ved innkøyring er liten. Tilkomstvegen stig frå fylkesvegen opp til eit høgbrekk (bakketopp) etter omlag 32 meter. Kombinasjonen med høg fart og uoversiktleg høgbrekk kan føre til ulykker. Det er òg fare for at bilar kan skli ut i fylkesvegen dersom det er glatt og isete i tilkomstvegen. Sikt i avkjørsla retning Storebø er ikkje tilfredsstillande. Krava til utforming av avkjørsler vert stilt med bakgrunn i at trafikktryggleik og trafikkavvikling skal ivaretakast på ein tilfredsstillande måte, og er henta frå Statens vegvesen sine håndbøker N100 og V121, som syner minimumsløysingar med omsyn til dette. Etter Statens vegvesen si vurdering fråviker eksisterande avkjørsle krava i så stor grad, spesielt når det gjeld helling og sikt, at det med omsyn til trafikktryggleik ikkje er grunnlag for å akseptere utvida bruk utan utbetringar.
2. Ved handsaming av avkjørslesaker må Statens vegvesen leggje til grunn bruk av avkjørsla som vert generert av registrert bygningstype. Sjølv om bygningane på noverande tidspunkt har ein anna bruk, kan dei utan søknad takast i bruk som registrert bygningstype ved eit seinare høve.
3. Statens vegvesen er merksam på at trafikktala som er lagt til grunn i førehandstilsegna er feil. Det er ikkje gjennomført trafikkteljingar forbi Otterå, men det kan leggjast til grunn ein ÅDT under 850 forbi omsøkte avkjørsle, jamfør vedlegg 14 (dok. 16 i saka). Så lenge trafiktalet er under 2000 kjt/døgn, påverkar det ikkje krav til teknisk utforming, men kor vidt ein kan godkjenne utvida bruk av avkjørsler (som tilfredsstiller dei tekniske krava) under gitte forhold. Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser legg til grunn at der ÅDT er under 800 kjt/døgn, kan utvida bruk av avkjørsle godkjennast der tekniske krav vert stetta. «Vurdering/grunngjeving» i førehandstilsegna er difor noko strengare som følgje av feil i trafikktal. Sjølve vedtaket med krav til avkjørsla er i denne saka uavhengig av den påpeika feilen i trafiktalet på fylkesvegen.
4. I førehandstilsegna er det stilt krav om at dei to avkjørslepunkta skal slåast saman til ei avkjørsle og at krav til sikt og helling må utbetrast. Dei nemnde krava er standard krav for avkjørsler, der siktkravet er basert på trafikkmengde og fart på fylkesvegen. Som følgje av at SKL må ha tilgang med mellom anna mobilkran, er det stilt større krav til svingradius og breidde enn det normalt vert stilt i vanlege bustadavkjørsler.

Statens vegvesen har i vedlegg 12 (dokument 12) uttalt oss negativ til klagar si føreslegne løysing, som går ut på å:

- Behalde begge avkjørslepunkta
- Stengje det sørlege avkjørslepunktet med flyttbar stein, som SKL nett kan flytte når dei treng tilkomst med større kjøretøy.
- Utbetre det nordlege avkjørslepunktet noko. Utbetringa inneber at:
  - avkjørsla vert dimensjonert for personbil når det gjeld svingradius og breidde
  - krav til frisikt vert tilfredsstilt
  - krav til helling vert tilfredsstilt dei første 5 metrane i avkjørsla. Dei neste 30 metrane er stigningsforholdet 1:6 mot minimumskravet på 1:8.

Statens vegvesen ser i hovudsak to problemstillingar ved klagar si føreslegne løysing:

- Det er knytt uklarheiter til korleis det i praksis vil fungere når kraftlaget skal nytte det sørlege avkjørslepunktet dersom det er stengd.
- Tilkomstvegen tilfredsstiller ikkje stigningskrava og vil etter vår vurdering opplevast svært bratt og vere uoversiktleg. Skissa i vedlegg 16 synleggjer forskjellane mellom føreslegne stigningsforhold og krav til stigningsforhold. Statens vegvesen meiner at trafikktryggleiken ikkje er ivaretatt godt nok i føreslegne løysing. Sjølv om stigningskrava er tilfredsstilt dei første 5 metrane er fråviket så stort dei neste 30 metrane at vurderingane blir dei same som i punkt 1 over.

Statens vegvesen har ikkje gjennomført kostnadsberekingar for naudsynte utbetrinigar. Vi ser at det kan tenkast at kostnadane vert så høge at det ikkje er rimeleg å forvente at utbetriniane kan gjennomførast i samband med bygging av eit bustadhus, og at det difor kunne vore aktuelt å fatte vedtak om avslag då vi handsama søknaden. I denne saka har vi likevel vald å fatte vedtak om eit førehandstilsegn og la det vere opp til søkjar å vurdere om kostnadene er av ein størrelse som gjer at bustaden skal byggjast eller ikkje.

Vi har vurdert klag og finn ikkje å kunne ta ho til følgje. Saka vert sendt over til dykk som klageinstans.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

  
Olav Finne  
avdelingsdirektør

  
Sindre Lillebø

16 vedlegg

Kopi: Søkjar: Marita Otterå Rykkje, Marita.Rykkje@dof.no  
Grunneigar: Oddvin Inge Otterå, 5392 Storebø  
Austevoll kommune, postmottak@austevoll.kommune.no